



Sund Sokneblad

Nr. 3

5. juni 2019

Årg. 88

Fem konfirmasjonsgudstenester



Tre dagar med konfirmasjonar er over i Sund. Biletet er frå Kausland kyrkje laurdag 11. mai med konfirmantane på veg inn i kyrkja.

side 6-9

Vårmarknaden

Laurdag etter påske vart den 9. vårmarknaden skipa til i Kyrkjelydshuset på Kausland. Det kom inn heile 95.000 kr, noko som er rekord for vårmarknaden.

side 4

Minnemarkeringa

29. mars vart det halde ei minnemarkering på Turøy etter helikopterulukka der tre år tidlegare. Ein stein med namna på dei 13 som omkom er sett opp i nærleiken av ulukkestad.

side 5

Påskevandringa

På palmesøndag fekk 5-åringane vera med på ei påskevandring i Kausland kyrkje då det som skjedde på palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskedag vart markert.

side 10-11

Konsert

«Visst skal våren komme» vart framført i Sund kyrkje laurdag 6. april av Øygardskoret, Sotra Reviderte og eit prosjektkor frå Sund.

side 14

Kyrkjevalet 2019

Måndag 9. september er det val. Orientering om førehandsrøysting, valstader og kandidatar til Kyrkjevalet finn du

side 12

Pastoralt perspektiv

PINSE HEILE ÅRET

50 dagar etter påske er det *pinse*.

Men pinse må for all del ikkje bli noko vi gjer oss ferdige med! For pinse handlar om å tala sant om Jesus. Og dermed skulle heile året vera ei pinsetid, der vi alle er pinsevenner!

Dessverre *parkerer* vi ofte Den heilage Ande i pinsehelga. Men Heilaganden er på ferde også elles om året. Ja, han vitnar om Jesus og talar sant om han kvar dag! I Johannesevangeliet kap 15 og 16 seier Jesus: «Når Talsmannen kjem, han som eg skal senda dykk frå Far, Sanningsanden som går ut frå Far, då skal han vitna om meg. Han skal herleggjere meg, for han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk».

Dermed må vi kunne konstatere at Kyrkja er ei *Pinsekyrkje* – uansett kva vi formelt kallar oss til dagleg! Kyrkja kan ikkje leva utan eit sant vitnemål om Jesus. Og dermed kan vi heller ikkje overleva som kristne utan å gje Sanningsanden rom.

I vår lutherske kyrkje lærer vi at vi får Den heilage Ande i dåpen. Men sjølv om Heilaganden har flytta inn hos meg - må han dessverre ofte ta til takke med ein liten lofts-hybel. Innerst inne veit eg at han er der, men eg tenkjer ikkje over det til dagleg.

Og dermed går eg glipp av mykje sanning og mykje kraft, ja, eg begrensar rett og slett mi forståing av evangeliet!

Eg trur ikkje at eg skal forstå alt, men bildet av Jesus blir så mykje klårare når Talsmannen får mala det for meg.

Eg må nok berre innsjå at eg ser «stykkevis og del» her på jorda, men dersom eg slepp Sanningsanden ut av lofts-hybelen vil han leia meg fram til heile sanninga. (Joh 16,13)

Så når mange kristenleiarar (og det med rette) tar til orde for at vi må tala meir og tydelegare om Jesus i Kyrkja, så skulle vi samstundes minna kvarandre om at vi er ei Pinsekyrkje, der Talsmannen og Sanningsanden får fritt speleroom!

Held vi Den heilage Ande innelåst på lofts-hybelen vil vi aldri få eit heilt rett bilde av Jesus. Og dermed blir også vårt *vitnemål* om Jesus mangelfullt og haltande.

Så fortel kalenderen oss kor tid det er pinse. Og den høgtida skal vi sjølv sagt feira til rett tid! Men eigentleg skulle vi feira pinse heile året, så vitnemålet vårt om Jesus kan bli *sant*!

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

09. juni – Pinsedag – Joh 14,23-29

SUND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt. *Song: Sapfo Maria Stavrides*

10. juni – 2. pinsedag – Joh 14,23-29

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt. *Song: Tove Solvang*

16. juni – Treeiningssøndag – Apg 17,22-34

TYSSØY kl 11:00 Friluftsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Kirkens Bymisjon. *Musikk: Sund Brass*

23. juni – 2. søndag i treeiningstida – Joh 3,1-13

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Den indre sjømannsmisjon

30. juni – 3. søndag i treeiningstida – Mark 10,13-16

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

07. juli – 4. søndag i treeiningstida – Matt 9,35-38

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

14. juli – 5. søndag i treeiningstida – Matt 18,12-18

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Familie & Medier

21. juli – INGA GUDSTENESTE!

Ta gjerne turen til nabokyrkjene

28. juli – 7. søndag i treeiningstida – Mark 5,25-34

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

04. august – 8. søndag i treeiningstida – Mark 12,28-34

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kirkens SOS

11. august – 9. søndag i treeiningstida – Luk 6,36-42

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet
RANSELBØN for nye 1.klassingar

18. august -10. søndag i treeiningstida – Mark 11,25-26

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Fjell-ly

25. august – 11. søndag i treeiningstida – Joh 8,31-36

TRELLEVIKbygnaden kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Takkoffer: Evangeliesenteret

01. sept. – 12. søndag i treeiningstida – Joh 4,27-30.39-43

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Diakoniarbeidet
Oppstartgudsteneste med grilling etter gudstenesta i lavvoen i Klokkarvik. Ta gjerne med grillmat!

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigede
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjestyss - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 56 33 94 27

Konfirmantane samla inn pengar til reint drikkevatt



Fem smilande jenter som var med på innsamlingsaksjonen.

På torsdag den 4. april var det igjen duka for kyrkjelyden sin årlege innsamlingsaksjon. Og tradisjonen tru stod konfirmantane og rundt tretti foreldre klare til å gjere ein innsats og gå frå dør til dør med bøsser. Innsamlinga går til kyrkjelyden sitt eige misjonsprosjekt, som dreier seg om å skaffe reint drikkevatt i Liberia. Dette arbeidet blir drive av Misjonsalliansen.

I Liberia dør det tusenvis av menneske kvart år av sjukdom knytt til forureina drikkevatt – svært mange av desse er born. Misjonsalliansen nyttar moderne teknologi både til å lokalisere vatn under jorda og å lage gode brønner.

Vêret kunne mest ikkje vore betre og viljen til å hjelpa med å skaffa reint drikkevatt var sterk – ungdomane var ute og samla inn pengar i fleire timar!

Så gav også den fantastiske innsatsen resultat: 38.640 kr. vil kunne skaffe fire nye brønner og gje drikkevatt til fleire tusen kringbuande menneske! Godt jobba!

Tusen takk til alle de som ofra tid, krefter og pengar for menneske andre stader i verda som ikkje er like privilegerte som oss.

Dag R. Pettersen



Feirar ortodoks pinse



– Vi ortodokse trur ikkje på emosjonelle andedåpsopplevingar, men vi trur på Anden sine gaver, seier fader Johannes Johansen.

FOTO: STEIN GUDVANGEN, KPK.

Pinse er meir enn ein spesialitet for pinsevenner. Høgtida er også viktig på stader der dei fleste aldri set foten sin.

Hellige Trifons kloster er ein slik stad, langt til skogs og skjerma bak store grantre i Skrukkelia i Hurdal. Her bur og arbeider munkeprestane fader Johannes og fader Serafim.

Dette er ei verd som er framand for det store fleirtalet. Når ein kjem inn bak smijarnsporten, er det som å tre inn i eit stykke Russland på Austlandet. Fader Johannes leier oss på vandring i klosteret sine bygningar – og inn i den ortodokse trusverda.

Pinsa viktigast

I den dunkle klosterkyrkja brenn det bivoksls. Rommet er rikt utsmykka med maleri på vegger og i tak, og bileta er langt meir enn pynt. Fader Johannes innvier oss i den ortodokse pinsefeiringa, og påpeiker først at påska nok er den mest sentrale høgtida i ortodokse kristne sitt fromleiksliv. Det betyr likevel ikkje at pinsa hamnar i noken påskeskugge. Tvert om.

– Pinsa er kanskje eigentleg den viktigaste hendinga for oss menneske. Det var den som knytta oss til Gud og til Kristi frelsesverk og som lover oss frelsa hos Gud. Pinsa er eit slags punkt der alt møtest, der alt får si realisering, seier fader Johannes.

– På kva måte?

– Utan pinsa hadde Kristi frelsesverk berre vore noko som skjedde for 2000 år sidan. Heilaganden sitt komme er Gud som tar bustad midt iblant oss og i oss. Utan dette er trua berre ein form for ideologi som kunne vore oppmuntrande og inspirerande og gi rettleiing for eit godt liv for individ og samfunn. Pinsa gjer frelsesverket til noko som vedgår oss som enkeltmenneske, seier han til Kristelig Pressekontor.

Framhald side 12



Det var fullt rundt borda i Kyrkjelydssalen på Kausland under Vårmarknaden.



Her kunne ein kjøpa både strikkevarer og bakervarer.

Vårmarknad med ny rekord

Laurdag etter påske var det for 9. gong klart for Vårmarknad i Kyrkjelydshuset på Kausland. Det var ganske fullt i salen, så om ein kom i rimeleg god tid på førehand, så var det få plassar ledige.

På bord langs den eine veggen (og på veggen) var det fullt av gevinstar. På motsett side vart det seldt diverse strikke- og bakervarer. I hjørnet mot kjøkkenet var det ein kafé der dei selde kaffi og kaker, og graut for dei som ville ha det.

Vårmarknaden hadde to åresal. Årene vart fort selde, og trekninga gjekk òg greit unna. Det var så mange gevinstar at dei som vann, fekk

to gevinstar kvar. Det vart sagt at det vart delt ut 69 gevinstar på det eine åresalet og sikkert like mange på det andre åresalet og på bøkene. Heile 130 loddbøker var selde, noko som er rekord. Rekord vart det òg når det galdt kor mykje pengar som kom inn-

heile 95.000 kroner. Pengane skal gå til ungdomsarbeid i kyrkjelyden.

Om det blir ein 10. vårmarknad neste år, veit vi ikkje enno. Men at det er eit populært tiltak, er det liten tvil om.

Olai Otterå



Åresalet gjekk fort unna.



Mange gode kaker i kaféen.



Borna likte å spela Tombola.

Minnemarkering etter Turøy-ulukka

29. mars blei det ei verdig minnemarkering for helikopterulukka ved Turøy 2016.

Pårørande hadde møtt fram saman med mykje bygdefolk og representantar frå naudetatar og div. hjelpemannskap.

Ved minnesteinen, utforma av kunstnar Arne Mæland, deltok ordførarane i Sund, Fjell og Øygarden saman med sokneprestane i Sund og Øygarden.

Saman med vakker song og musikk vart dei 13 namna på dei omkomne lesne, og 1 rose vart festa på kvar enkelt namneplate. Minnene lever vidare også gjennom Mæland sitt kunstverk «The house of memories» (Minnehuset) der gullvindaugene lyser i mørkret...

Kjell-Asle Børnes
FOTO: OLAI OTTERÅ



Minnehuset, som steinen heiter på norsk, har namna på alle dei 13 som omkom i helikopterulukka i 2016. Steinen vart etter kvart dekkja av kvite og raude roser.



Roy Vorland framførte «Songen frå Vest», og i tillegg spela dei to musikarane Trygve Helleesen på saksofon og Vidar Eldholm på piano fleire andre melodiar.



Tre ordførarar og to sokneprestar las opp namna på dei 13 omkomne og plasserte ei kvit rose ved kvar av namneplatene. Først ute var Kari-Anne Landro som plasserte ei rose ved Lyder Martin Telle frå Telavåg sitt namn.



Dei pårørande samla ved steinen, «The House of Memories». Derifrå kunne dei sjå over til Skitholmen der ulukka skjedde i 2016.

Konfirmasjon i Kausland kyrkje



Nokre glimt frå konfirmasjonen i Kausland kyrkje 11. mai.

Øvt: Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen ber for konfirmanten. Til venstre på biletet står neste konfirmant klar, til høgre han som skal tenne eit lys. Bak til høgre Arne Dåvøy som gav kvar konfirmant eit hjarte rundt halsen. **Til venstre:** Vivian Steinsland song tre sanger saman med bandet sitt. **Over:** Ein av konfirmantane tenner eit lys for ein annan av konfirmantane. **Under:** Etter gudstenesta stilte konfirmantane seg opp for fotografering utanfor kyrkja.

TEKST/FOTO: OLAI OTTERA



Konfirmantar i Kausland kyrkje



KAUSLAND KYRKJE Laurdag 11. mai kl. 11.00

Aleksander Krog
Amilia Erstad
Asbjørn Fjeldstad Glesnes
Dennis Lunde
Håvard Mikal Vetås Vorland
Karsten Junior Østervold
Høyland
Maria Louisa Nekkøy
Sondre Førde Landro
Susanne Toft
Tiril Forland Glesnes
Vegard Sørli Krogseth
Vincent Nikolai Toft

FOTO: VERONIKA STUKSRUD/
FOTOGRAF LØTVEDT

KAUSLAND KYRKJE Laurdag 11. mai kl. 13.00

Audun Aleksander Eikemo
Aurora Ryland Erichsen
Emma Telle Fjell
Justin Alain Busomoke
Kristoffer Sand Soltvedt
Marius Kallestad
Martin Ekren Høvik
Mathias Yung Stubbsve Kausland
Oliver Johan Kausland
Sandra Eriksen
Silje Drazdiak Tyborg
Sondre Stikholmen



FOTO: VERONIKA STUKSRUD/
FOTOGRAF LØTVEDT

Konfirmantar i Sund kyrkje

SUND KYRKJE

Søndag 5. mai kl. 11.00

Astrid Klepsvik
 Emma Forland
 Gabrielle Hammersland
 Kleppevik
 Helene Blomvågnes Pedersen
 Jennie Zhi Dalseide
 Joakim Kalstad
 Knut Aleksander Føleide
 Johannessen
 Magnus Krondorfer
 Malene Ulvøen Forland
 Marie Serine Johannessen
 Marius Kleppe
 Mathilde Forland
 Oliver Vangsnes Ham-
 mersland
 Regine Husa Skoge
 Steffen Pedersen Ekren
 Thea Hammersland Løtvedt
 Trygve Berge



FOTO: VERONIKA STUKSRUD/
 FOTOGRAF LØTVEDT

SUND KYRKJE

Søndag 5. mai kl. 13.00

Cecilie Johannesen
 Elise Glesnes Scott
 Emil Thormodsen Høyland
 Herman Ågotnes
 Ida Veka
 Ingrid Sandtorv Juliussen
 Julie Sangolt
 Maiken Guo Yuan T. Hillestad
 Maria-Mathilde Eikeseth
 Peter Ringheim Thuestad
 Sarah Stormark Moldøen
 Tobias Fredheim Kleppe
 Trygve Berntsen
 Victoria Isabell Vågenes
 William Andre Giskegerde



FOTO: VERONIKA STUKSRUD/
 FOTOGRAF LØTVEDT

Konfirmantar i Kausland kyrkje



KAUSLAND KYRKJE
Søndag 12. mai kl. 11.00

Adrian Marcus Mortensen
Christian Hammersland
Hans-Magnus Golten Pettersen
Hermine Lovise Finnkirk
Jonas Eide Bildøy
Julie Hitsøy Ramsland
Madeleine Vestheim Glesnes
Marius Steinsland
Ole Andre Blikberg
Stine Helen Ekerhovd

FOTO: VERONIKA STUKSRUD/
FOTOGRAF LØTVEDT

Konfirmantar let seg døypa



I gudstenesta i Kausland kyrkje på Palmesøndag var det fem personar som vart døypte. To av dei var så store at dei sjølve kunne gå fram til døypefonten. Dei er nemleg konfirmantar av året.

Først ute av desse to var Justin Alain Busomoke, deretter var det Aleksander Krog sin tur. Begge desse konfirmantane vart konfirmerte i Kausland kyrkje laurdag 11. mai.

Olai Otterå

Til venstre: Justin Alain Busomoke blir døypt. Til høgre: Aleksander Krog blir døypt.



Påskevandring for 5-åringane

På palmesundag var det dukka til familie-gudsteneste med påskevandring i Kausland kyrkje kl. 11.00.

Dette er ei spesiell gudsteneste der kyrkjelyden «vandrar» gjennom dei store og dramatiske dagane i påskeveka og stoppar opp ved hendingane som ligg til grunn for at vi feirar påske.

Palmesundag

Den første hendinga vi markerte, var nettopp palmesundag, og kyrkjelyden fekk ta imot Jesus med palmegreiner og Hosanna-song då han gjorde inntog i kyrkja og vandra ned midtgangen.

Då greinene var lagt på plass igjen, skulle det vere ikkje mindre enn fem dåp! Tre av dei var søte og små, medan to av dei var staute unge menn – to konfirmantar.

Preika var det Barabbas som heldt for oss! Han fortalde om korleis han opplevde å få høyre – då han sat i fengsel for mord – at han var blitt ein fri mann og skulle få leve fordi Jesus var dømt til døden i staden for han.

Skjærtorsdag

Så var vi komne til skjærtorsdag og Jesus kom fram med vaskefat og innbaud til fotvask. Både konfirmantar og born tok imot innbydinga. Kjell-Asle fortalde at det var på skjærtorsdag kveld at Jesus innstifta nattverden og læressveinane fekk ta imot den for første gong. Og så gjekk vi inn i nattverdsfeiringa sjølv, Sund kyrkjelyd, og fekk ta imot akkurat det same som dei første læressveinane på skjærtorsdag.

Langfredag

Langfredag-markeringa byrja med at lysa vart slokne i kyrkjerommet. Dei som ville, kunne så følgje med ut av kyrkja og gå bort til ein kross som var sett ned i graset litt bortanfor. I døra, på veg ut av kyrkja, kunne ein få med seg ei rose. Framme ved krossen, som skulle symbolisere Jesu grav, vart rosene lagde ned på graset, og alle var stille og minnast at Jesus døde for oss. «Men heldigvis slutta ikkje historia her,» sa presten, og leia oss inn i kyrkja igjen, til påskedag og oppstode-fest.

Påskeverkstad

Før gudstenesta byrja, hadde femten glade 5-åringar halde påskeverkstad på loftet i kyrkjelydshuset og pynta flotte



Palmesundag: Borna står klare med palmegreinene når «Jesus» kjem inn i kyrkja.



Preika om Barabbas vart formidla med hjelp av ein lysbiletserie.

påskeegg. Desse kom dei no fram i kyrkja med og la attmed ein kross med ei sigerkrone på. Påskeegga, fekk vi høyre, er også ein eldgammal kristen tradisjon. Den symboliserer Jesu siger – at livet sprenger seg igjennom og er sterkare enn døden!

Vi var så heldige å ha med oss Stjerne-koret, som leia kyrkjelyden i påskesong. Og til slutt fekk alle 5-åringane med seg heim ei lita bok der Barabbas fortel om Jesus, og som også viser korleis forteljinga kan byggjast med lego-klossar.

Ein kjekk og god start på påsken for store og små!

Dag R. Pettersen
FOTO: OLAI OTTERA



Påskeverkstad på loftet i kyrkjelydshuset før gudstenesta. Foto: Dag R. Pettersen.



Dag R. Pettersen viser korleis Jesus vaska føtene til læresveinane på Skjærtorsdag.



Stjernekoeret var med og song.



Langfredag: Det vart lagt ned blomar ved ein kross utanfor kyrkja.



Kyrkjelyden på veg inn att i kyrkja etter å ha vore ute ved krossen.



5-åringane la frå seg egga som dei hadde laga på påskeverkstaden før gudstenesta.



Alle 5-åringane fekk kvar si bok om Barabbas av Dag R. Pettersen.

Kyrkjevalet 2019

Førehandsrøysting Sund sokn

Kyrjekontoret i Sund

Sund kyrkje, Kyrkjevegen 30, 5378
Klokkarvik
tysdag, onsdag og torsdag mellom
kl. 10.00 og kl. 14.00 i perioden
13.08.–06.09.2019
(veke 33, 34, 35 og 36).

Kausland kyrkje

Søndag 11. august 2019, etter
gudstenesta fram til kl. 13.15

Sund kyrkje

Søndag 18. august 2019, etter
gudstenesta fram til kl. 13.15

Sundheimen

Tysdag 4. september 2019, frå
kl. 10.30 til kl. 11.30

Det vert gitt ein nærare presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet i neste nummer av Sund sokneblad. Informasjon om val til bispedømmerrådet kjem også i neste nummer, som kjem ut rett før kyrkjevalet.

Informasjon om kven som har røysterett ved kyrkjevalet, manntal m.m. finn ein på denne nettsida: www.kyrkjevalet.no

Informasjon om kyrkjevalet, lokalt i Sund sokn, finn ein også på denne nettsida: www.kyrkja.no/Sund

*Valdagen er måndag
9. september 2019.
Vallokala er opne
mellom kl. 09.00 og
kl. 21.00.*

Krins:

Sund krins

Stranda krins

Telavåg

Skogsvåg

Glesnes

Stad:

Grendahuset,
Klokkarvik

Stranda skule -
Strandahallen

Telavåg skule

Skogsvåg skule

Glesnes skule

Nominasjons- komiteen sitt listeforslag til kyrkjevalet i 2019

Kandidatane i prioritert rekkefølge:

Sund sokn

1. Svein Marius Myklebust, f. 1970
2. Linda Beate Nesse Dalseide, f. 1972
3. Jan Tveit, f. 1954
4. Tone Hatlelid, f. 1972
5. Fredrik Andreas Mortensen, f. 1968
6. Liv Marit Sangolt, f. 1962
7. Arne Magnus Dåvøy, f. 1940
8. Bente Aase, f. 1962
9. Kenneth André Gissegjerde, f. 1977
10. Oddveig Margrethe Skoge, f. 1943
11. Karen Helen Boga, f. 1946
12. Paul Richard Kauffman, f. 1957
13. Berit Marie Nygård, f. 1953

Ortodoks pinsa

Framhald frå side 3

Ikona og pinsa

Ikon er uløseleg bunde saman med ortodoks tru, og dei heng nøye saman med pinsa.

– Ikona er bilete av dei heilage, og vi har ei sky av vitner rundt oss, seier fader Johannes og viser til Hebreerbrevet 12.

– Vi trur at Gud blei menneske i Jesus Kristus. Før Kristus var det umogleg å framstille Gud biletleg, men han sa at «Den som har sett meg, har sett Faderen». Ikonkunsten framstiller det same i form og fargar som evangelia seier i ord og i

skrift. Ikona er ikkje berre fine bilete av menneske som levde ein gong, ikkje berre illustrasjonar, men dei visualiserer det andelege nærveret som vi står i, seier han.

I den forstand er det pinsa heile året i kyrkjerommet i Skrukkelia.

– Det viktigaste uttrykket for Anden og pinsa blant oss, det er helgenane. Dette er menneske som har latt Anden bli så dominerande i liva sine at dei er blitt førebilete for oss. Det finst ingen heilage viss det ikkje finst ein heilag ande. Vi blir ikkje heilage gjennom alle moglege gode gjerningar, men på grunn av Anden. Vår oppgåve er å la Anden utfalde seg i liva våre, seier fader Johannes.

Totrinns-pinse

Hellige Nikolai ortodokse menighet som fader Johannes leier, feirer pinse noko annleis enn dei fleste kristne i Noreg. Den ortodokse kyrkja følgjer den juli-anske kalender, ikkje den gregorianske. Dermed feirer dei pinse ei veke seinare enn dei fleste av oss. 1. pinsedag blir Den heilage treeiningsdagen markert, medan 2. pinsedag er Heilaganden sin dag. Den påfølgjande søndagen vert pinseveka avrunda med Allehelgensdagen.

Stein Gudvangen, KPK

Føremiddagstreffa

Det blir lagt opp til at det blir føremiddagstreff utover hausten, sjølv om gjestar og tema ikkje er klart før dette bladet går i trykken. Men som vanleg vekslar føremiddagstreffa mellom Kyrkjekjellaren i Klokkarvik og Kyrkjelydshuset på Kausland. Og like vanleg er det med ein felles lunsj før gjesten talar om sitt tema. Datoane er klare, siste onsdagen i månaden kl 11.30.

28.08 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik

Gjest og tema ikkje klart

25.09 Kyrkjelydshuset, Kausland

Gjest og tema ikkje klart

30.10 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik

Gjest og tema ikkje klart

27.11 Kyrkjelydshuset, Kausland

Gjest og tema ikkje klart

Overføring av resepsjons-tenester frå kyrkjekontora i Sund og Øygarden

I samband med samanslåing av kommunane og kyrkjelege fellestråd vert administrative funksjonar lagt til kyrkjekontoret på Straume. Dette fører til at frå 3. juni vert felles sentralbord og felles ekspedisjon lagt til Temahuset på Straume. Ein kan gjere avtale om besøk ved kyrkjekontoret både i Sund og Øygarden. På side 19 finn ein ny kontaktinformasjon.

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje

Reparasjon av bårhuset på Telavåg gravstad

Bårhuset på Telavåg gravstad har fått ny kledning denne våren. Arbeidet er gjort av ein dugnadsgjeng frå Telavåg.


Initiativet til arbeidet kom frå bygda, men kyrkjekontoret sa seg viljug å kosta materialane.

Då arbeidet starta, viste det seg at det var meir som måtte gjerast enn det ein først tenkte. Såleis var det råte både i standarar og i ramma i botnen, så her var det delar som måtte skiftast.

Husmorlaget i Telavåg stilte med mat til dugnadsgjengen. Det vert meldt om stor interesse i bygda for å vera med på dugnaden. Husmorlaget tok òg på seg kostnaden med nye vindauge og nytt golv.

Så kunne ein leggja på ny kledning, og huset vart måla i den vanlege kvite fargen.

Olai Otterå



Bårhuset på Telavåg gravstad etter at ny kledning er lagt på og bygget er nymåla.



Mykje måtte rivast og skiftast ut på bårhuset på Telavåg gravstad.



Bårhuset er fiksa, men førebels ikkje måla.



Øygardskoret, Sotra Reviderte og eit prosjektkor frå Sund hadde gått saman om å framføra «Visst skal våren komme».

«Visst skal våren komme» i Sund kyrkje

I byrjinga av april kom våren til Sund kyrkje. I det minste kom musikalen «Visst skal våren komme» av Sigvald Tveit og Eivind Skeie. Tre kor frå Sotra og Øygar-

den hadde gått saman om framføringa. Det var Øygardskoret, Sotra Reviderte frå Fjell og eit prosjektkor frå Sund. I tillegg til framføringa i Sund kyrkje skulle dei òg vitja Blomvåg kyrkje og Fjell kyrkje.

Den mest kjende songen er nok tittelmelodien «Visst skal våren komme». Både denne og dei andre songane framførte dei tre kora på ein fin måte, og med fint tonefylgje av dei tre musikarane Irina Tarasova på flygel, Thomas Linde Lossius på bassgitar og Pavel Giruyan på klarinett. Kora vart dirigert av Anne Lise Grøm.



Ingjerd Johansen song solopartia.

Musikalen hentar inspirasjon frå Johannes Openberring i Bibelen, og tekstar derifrå blei av Egil A. Sæle fletta inn mellom songane. Johannes sit fengsla på øya Patmos, fordriven frå heimlandet. Her får han syner og openberringar som handlar om dom og undergang. Men Johannes er ikkje utan tru og håp, og i synene ser han òg ein ny himmel og ei ny jord som skal stiga fram. Gjennom alt dette ser han den store meister, som vert kalla Lammet.

Nokre av songane hadde òg soloparti, og dei var det Ingjerd Johansen som tok seg av.

Det vart ei fin oppleving for dei heller få som hadde funne vegen til Sund kyrkje denne laurdagskvelden.


Olai Otterå

Det er Kristusvisjonen som held saman bileta og motiva i Openberringsboka. Musikalen vil visa denne visjonen og håpet om framtida - som gir oss mot til å tru og leva.

Musikalen inneheld mange fine songar.



Irina Tarasova på flygel, Pavel Girunyan på klarinett og Thomas Linde Lossius på bassgitar sørga for musikken.



Egil A. Sæle fletta inn sitat frå Johannes Openberring mellom songane.

Ein blomster til Aslaug Flatråker

Med nok ein vellukka Vårmarknad i hamn der resultatet kunne visa til ein ny rekord på heile 95.000 kr, fann Soknerådet ut at no var det på tide at Aslaug Flatråker fekk litt merksemd. For Vårmarknaden, som denne gongen vart skipa til for 9. gong, er i stor grad eit resultat av hennar innsats.

Difor stilte soknerådsleiar Brynhild Enerhaug opp på Kyrkjelydshuset på Kausland med ein fin orkidé til Aslaug og takka henne for all innsats ho opp gjennom åra har gjort innan kyrkja.

Aslaug Flatråker har no passert 88 år, men er framleis ein flittig gjest på gudstenester både i Kausland og Sund kyrkje. - Eg har vore glad i kyrkja heilt frå ungdomen av, kanskje mest i kyrkja her ute, fortel Aslaug, som kjem frå Glesvær og har budd der heile livet.

Men Aslaug Flatråker har vore ein aktiv person i kyrkjelyden heilt frå 70-talet då ho vart verva til å vera

med i soknerådet. Der sat ho i fleire år, også ein del år som leiar. I mange år var ho òg leiar i Diakonaten. Då ho følte at ho ville gje seg som leiar i der, var det ingen som ville ta over, og Diakonaten vart lagt ned. Aslaug var òg i mange år tilsett på kyrkjekontoret i Klokkarvik.

Då mannen hennar, Odd, som m.a. var kyrkjetenar i Kausland kyrkje, vart dårleg og ikkje kunne ta seg av jobben i kyrkja lenger, tok Aslaug over for han, for ho visste kva som skulle gjerast. Den jobben heldt ho fram i heilt til ho vart 80 år gammal.

Dei siste 9 åra er det altså Vårmarknaden ho har fått i stand. Om det var ho eller Erling Toft som hadde ideen, er ho usikker på. Men i alle høve har dei samla inn mykje pengar til mange forbetringar i Kausland kyrkje og kyrkjelydshuset. - Det har vore kjekt å vera med i arbeidet. Eg har følt at eg er til nytte.

Olai Otterå



Soknerådsleiar Brynhild Enerhaug gir Aslaug Flatråker ein fin orkidé som takk for innsatsen hennar innan kyrkja.

Sund Blandakor song for kyrkjelyden i Sund kyrkje



I gudstenesta i Sund kyrkje søndag 19. mai var Sund Blandakor til stades og song fire songar. Den første avdelinga var før preika, og her starta dei med Johannes Kleppevik sin song «Det vårast i Noreg». Som postludium til gudstenesta song dei òg to songar.

TEKST/FOTO: OLAI OTTERÅ

Ikkje berre softis

Det er vel fleire enn eg som har bestilt ein varm og tørr sommar...

Vi ser fram mot late dagar med sol og softis – der måltida kjem når det passsar...

Men blir det for mykje fast-food istadenfor sunne og regelmessige måltider, byrjar kroppen å seie ifrå! Først blir vi slappe og dorske, deretter uvell, og iverste fall sjuke.

For kroppen er avhengig av jamn og sunn føde. Det går ikkje lenge før vi merkar konsekvensen av det motsette!

Slik er det også med vårt åndelege liv! Heller ikkje vårt åndelege ve og vell har godt av for mykje latskap. Ein sommar utan åndeleg mat gjer oss åndeleg slappe og dorske.

Og når hausten kjem kan den kjennast som eit ork – også åndeleg sett.

I Joh 15,5 seier Jesus: «Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk,

då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera».

Vi veit korleis det går med ei grein som ikkje får jamnleg næring frå stammen: Den byrjar fort å tørke, og til slutt

Andakten

visnar den og dør.

Kjære medvandrar: Det må ikkje få skje med oss åndeleg sett!

Sjølv om sommaren krev ein litt annan døgnrytme og fleire lettvinde måltid, må vi allikevel syta for at vi ikkje tørkar inn og visnar. Og sjølv om det kanskje ikkje alltid er så lett å få med seg gudstenester i ferien, kan vi allikevel skru på radioen søndag kl 11 og få med oss eit Guds-ord... Og på stranda eller i hengekøya kan vi også lesa god kristen litteratur...

Og kanskje skulle vi svinga innom eitt av dei mange stemnene som det vrimlar av

i sommar-Norge...

Og nokre vers frå Bibelen kan vi vel få lest sjølv når sommardagen er på det lataste...

Kort sagt: Måtte sommaren bli både varm og tørr, men ikkje åndeleg tørr!

Og innimellom softisane bør det også vera plass til grovbrød...

GOD SOMMAR!

Kjell-Asle Børnes

Onsdagstreffa

Første onsdagen i månaden er Aktivitetssenteret i Skogsskiftet møtestaden kl. 11.00 med mat og diverse program. Og så er gjerne presten der òg.

Datoar:

Onsdag 4. september
Onsdag 2. oktober
Onsdag 6. november
Onsdag 4. desember

Sundheimen

Ein onsdag i månaden er presten på besøk på Sundheimen kl 11.30.

14. august (nattverd)
11. september
09. oktober
13. november
11. desember (nattverd)

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)



Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Myldredagar

– for heile familien
– besteforeldre også

Klokka 17.00-19.00

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

3. september
1. oktober
5. november
3. desember
7. januar 2020

Kyrkjelydshuset på Kausland

11. september
16. oktober
20. november
11. desember

**Middag -
bibelfortelling -
aktivitetar -
fellesskap**

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:
klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS



**Sund Senter
Blomster**

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkje-
lydane i Sund. Kyrkjevevja har det
redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn
du informasjon om verksemda og ein
kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag
kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-
kontor: **56 31 90 80**

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



**Sund
Bok**



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG

TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

Døpte

17.03 Sund kyrkje
Mathias Ekren Nesse

07.04 Kausland kyrkje
Sofie Jensen Espeseth
Alice Jensen Espeseth

14.04 Kausland kyrkje
Kornelia Midlang
Silje Skoge Bergersen
Adrian Hustvedt-Røsnes
Aleksander Krog
Justin Alain Busomoke

21.04 Sund kyrkje
Milian Fossmark Kleppe

19.05 Sund kyrkje
Frøya Faugstad
Linus Sæterbø Tellnes

26.05 Kausland kyrkje
Theodor Toft
Tilde Toft

Gravlagde

04.04 Kausland kyrkje
Christian Mosling Evensen,
f. 1995 (bisetjing)

07.05 Kausland kyrkje
Kirsten Ingeborg Steinsland,
f. 1938

09.05 Kausland kyrkje
Norunn Selstø, f. 1933

16.05 Kausland kyrkje
Walter Pedersen, f. 1929
(bisetjing)

22.05 Kausland kyrkje
Anna Andora Øvretveit,
f. 1933

«Visst skal våren komme»

Siste framføring av denne musikalen med Øygardskoret, Sotra Reviderte og prosjektkoret frå Sund blir i **Fjell kyrkje** søndag 9. juni kl. 19.00.

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døpte, vert konfirmasjonsførebuing som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret i Sund

Gjeldande frå 3. juni 2019

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

Telefon sentralbord: 55 09 74 40

Besøksadresse: Temahuset,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

E-post: post.sund@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjevege

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 56 31 90 80
kontorleiar

E-post: ts845@kyrkja.no

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97
sokneprest

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor

E-post: irina_piano_84@mail.ru
irina.piano.84@gmail.com

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakonimedarbeidar

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
trusoplærer

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96
soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Sund
Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkarvik

Konto: 3628.07.11645

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950



Solfrid Nikolaisen frå Askøy fortalde om dei 20 sesongane ho har vore på fiskarheimen Havly på Røst. Men ho tok òg fram gitaren og song eit par songar.

Tjue sesongar på Røst

Heilt sidan 1999 har Solfrid Nikolaisen frå Hetlevik på Askøy vore fast på fiskarheimen Havly på Røst kvar vinter. Og det er ikkje slik at no er det nok, nei, ho vil gjerne halda fram så lenge ho kan.

Då ho var gjest på Førermiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus siste onsdagen i april, fortalde ho om desse 20 sesongane ho har vore der og blitt kjend med mange av dei 530 som bur fast på Røst og dei mange som er innom fiskarheimen i sesongen.

Det er Den Indre Sjømannsmisjonen som driv Havly. Når Solfrid Nikolaisen er på fiskarheimen, har ho ansvar for møtene kvar laurdag og søndag. - Men det er ikkje så mange som går på møter der heller lenger, fortel ho.

Men mange synest det er godt å koma til fiskarheimen på Røst, som er open heile året. Ein del av dei som kjem, kjem gjerne i mindre båtar og stikk innom fiskarheimen for å vaska klede og få seg

ein dusj. Elles er det mange turistar som besøkjer fiskarheimen, både utanlandske og norske. Særleg om sommaren er det mange turistar. Nokre faste gjestar har dei òg, nemleg mannskapet på redningsskøyta som bur der i sesongen.

- Det viser seg å vera mange einsame på Røst, men dei har tillit til oss på fiskarheimen og kjem gjerne for å ha nokon å snakka med.

- Vi håpar vi kan halda på i fleire år med fiskarheimen på Røst, fortel Nikolaisen, men innrømmer at dei merkar konkurransen frå fleire andre moglege overnattingsstader på Røst. Dei merkar òg at dei er ein stad der dei ikkje serverer alkohol.

- Eg trur på framtida, seier Solfrid Nikolaisen, - men det ser ikkje alltid så lyst ut.

Olai Otterå

Likar du å synge?

Vil du bli med i kor?

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag.

Stjerneketret

er for deg som er mellom 4 og 9 år. Vi møtest klokka 17.30 - 18.30.

Betweeneketret

er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:

30. august, 10. og 24. september, 15. og 29. oktober, 12. og 26. november og 10. desember

Betweenes-klubb

frå 4. klasse og oppover.

Vi startar opp fredag 30. august klokka 18.00-21.00 i Kyrkjekjellaren.

Vi møtest deretter:

17. september, 22. oktober, 19. november, 17. desember og 21. januar (2020) frå klokka 17.30 til 19.30 i Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen og ét kvelds saman.

Du og venene dine er velkomne til å bli med!

Lovsongskveldar

med kveldsmat etterpå
i Sund kyrkje

Søndag 8. sept. kl 17.00 og

Fredag 18. oktober kl 19.00

Alle er hjarteleg velkomne!

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 36

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 21. august